

Referat frå årsmøte i Silda Velforeining, 3.april 2010.

Tilstades: 14 medlemmar, pluss styret.

Sakliste:

1. Velkommen v /nestleiar Sølvi Silden

2. Valg av møteleiar og referent.

Paul Sundnes vart vald til møteleiar og underteikna som referent.

3. Styret si årsmelding v/ Monica Christensen. (sjå vedlegg).

Orientering om to saker som styret har handsama.

- Sakte fart skilt i nordre og søre havna.

Styret har gjort vedtak om å setje opp skilt med sakte fart på begge havnene.

- Skaffe ny webmaster til heimesida.

Robert Waage vil no vere webansvarleg for heimesida til Silda Velforeining.

Han vil få ein eingangssum og resten av arbeidet vil han gjere på dugnad.

Årsmøtet retta stor honnør og takk til Einar Rune Sætren som har hatt web ansvaret for heimesida i 9 år. Heimesida er svært sakna, og det er flott at den no vert drifta igjen.

4. Reknskapet 2009 v/Hildegunn Fure Osmundsvåg. (Viser til eige oppsett av reknskapet)

Saldo pr.31.12.09 er kr.37593,-

Reknskapet vart tatt til vitande av årsmøtet.

5. Budsjett for 2010, samt fastsettjing av medlemskontingent.

Årsmøtet godkjende styret sitt forslag om kr.300,- i årskontingent for 2010. Den er allereie sendt ut med årsmeldinga og innkalling til årsmøtet.

6. Valg.

Leiaren av valnemnda, Kåre Silden, var ikkje tilstades.

Helge Silden, medl.av valkomiteen leia valet.

Han kom med forslag om 5 faste medlemmar i styret, og redusere styret med eit medlem. Det vart vedteke av årsmøtet.

Det vart gjenvalg av Sølvi Silden, Inger Silden, Hildegunn Fure Osmundsvåg. Monica Christensen og Liv Wik Silden var ikkje på valg.

Val av varamedlemer: Sindre Langlo og Paul Sundnes.

Gjenval av revisjonskomite: Eva Silden og Helene Larsen

Val av valkomite: Svein Wik (leiar) og Vigdis Rygg

7. Behandle innkomne saker.

- Innkjøp av hjertestarter

- Helikopterlandingsplass på Silda.

Forslag om kunne legge til rette for landingsplass på enden av kaia. Men då må lysmast som står der pr. i dag flyttast eller det må setjast opp lavare mast.

Ambulansehelikopter har løyve til å lande utan godkjend landingsplass, men må ha markeringspunkt med lys.

Det vart votering mellom desse to sakene, og det vart samråystes vedtak om å prioritere arbeid med helikopterlandingsplass som nr.1 og innkjøp av Hjertestarter som nr.2

Årsmøtet ga styret fullmakt til å legge til rette for helikopterlandingsplass på Silda og bruke inntil kr.20000,-

Styret vart oppmoda om å søke støtte til tiltaka. Ole Sætren og Paul Sundnes vil jobbe vidare med denne saka i samarbeid med styret.

Styret fekk og fullmakt til å kjøpe inn hjertestarter dersom det er midlar til det.

8. Eventuelt

Ekstraruter/handleruter.

Øyglimit har sagt i frå om at dei ikkje vil ta på seg å gå ekstra ruter. Øyglimit har kontrakt i 2 år til med Fjord 1. Kenneth Svoren har vore i kontakt med andre båtfirma om kjøp av ekstra ruter.

Det vart og fremma forslag om å prøve å få ekspressen frå Bergen til å anløpe Silda på anrop eller få stjernestopp.

Årsmøtet ga styret løyve til å arbeide vidare med ruter til og frå Silda.

Leige av fliskuttar.

Sølv Silden orienterte om mulegheit til å leige fliskutter av ASVO i Måløy i v. 28 og 29. Leiga koster kr.1750,- eks.mva., pluss frakt med Øyglimit. Dei som leiger må bet. kr. 300 pr.time. Årsmøtet bestemte at Silda Velforeining betaler for leige av fliskuttaren. Sølv heng opp plakat om leige av fliskuttaren. Frist til mandag 12. april for å skrive seg på. Det må vere minst 5 påmeldingar.

Dugnad.

Det er behov for dugnad på stien rundt Silda i sommar. Det kan brukast fliser frå kutting av tre til å legge på stien. Dato for dugnaden vert sett opp seinare.

Aktivitetskalender.

Styret set opp aktivitetskalender

Grillfest.

Silda Velforeining arrangerer grillfest på skuleplassen i juli. Dato vert sett opp seinare.

Sissel Brunsvik

- referent -